

ÅRSMELDING 2018 – BARNAS TURLAG SOLUND

<p>November 2017</p>	<p>Årsmøte Barnas Turlag Solund Ingvild Storøy – går ut av styret for BTS <i>Valnemnda sitt framlegg til nytt medlem: Gjertrud L. Trovåg for 2 år.</i> Ingrid Elvevåg – ikkje på val. 1 år att. Karen Nessen – ikkje på val. 1 år att Gunn Marit Fossedal – på val – tek attval. Marlen Trovåg – på val – tek attval</p> <p>Vedtak: Gjertrud L. Trovåg, Marlen Trovåg, Gunn Marit Fossedal valgt for 2 år Møtte: alle i styre og YTS leiar Mark Elvevåg</p>
<p>10. januar 18</p>	<p>Styremøte BTS på leikeplassen i Sildevika Konstituert styre i Barnas Turlag Solund: Leiar Gunn Marit Fossedal Styremedlemmer: Marlèn Trovåg, Karen Nessen, Ingrid Elvevåg og Gjertrud L. Trovåg. Møtte: alle i styret. Alle borna deira leika på leikeplassen.</p>
<p>21. januar 18</p>	<p>KDU-dag Barnas Turlag Solund markerte Kom-Deg-Ut dagen med å invitere til feiring av DNT sin 150-årsdag med utebursdag, refleksstur og kveldstur gjennom Takleskogen, aking og pølsefest. Me annonserte turen lokalt med oppslag på butikken, via DNT sine nettsider, facebook, kommunen sine nettsider og «det skjer» i avisa Firda. Barnas Turlag Solund stilte med heilt ny Turbo-rev, nye refleksvestar med Turbo-rev logo, nye hovudlykter med BT Solund logo og grillspyd med logo. I tillegg hadde me med fått snø som bestilt. Ikkje ofte med flotte vinterdagar i kystkommunen vår, det vart det ei ekstra kjekk feiring av. 13 barn og 10 vaksne møtte til avtalt tid, litt færre enn det me pleier å vere på KDU dagane våre. Den yngste berre 5 månader og den eldste av ungane 12 år. Etter ein spanande tur gjennom skog og litt djup snø med å følgje etter refleksar for å finne den rette vegen. Litt skummelt for den nye turboreven for han er nok litt mørkredd, men han hadde heile tida ei lita trygg hand å halde i. Framme ved akebakken «Holmenkollen» var det full fres resten av kvelden. Grillpølser frå gilde, kakao i koppen og kos ved bålpanna. Ein super ute-bursdag. Turleiarar: Marlén Trovåg og Gunn Marit Fossedal</p>
<p>02. mars 18</p>	<p>Spontanturar på skøyteisen. Barnas Turlag Solund har kjøpt inn skøyter. Etter ei veke med kulde i byrjinga av mars vart det flott skøyteis på Klubbenvatnet og andre små tjørn i Solund. Det var det mange som ville prøve skøyter. BT Solund låner ut skøyter, og mange små og store møtte opp i løpet av helga og dei neste dagane, og fekk prøve ferdigheitene sine på isen. Mange møtte opp på isen, me har ikkje tal på alle. Laurdag t.d.. var det 10 små og 10 store.</p>

	<p>BT Solund presiserer at kvar enkelt må sjølve sørge for at isen er trygg før dei går utpå. Viser til link: http://www.nrshf.no/dsp_artikkel.cfm?Level1_id=26852&Level2_id=72753 frå Friluftsråde Vest.</p>
17. mars 18	<p>Spelekveld i Råkeneset (ubemanna DNT hytte i Solund) YTS arrangerte dugnadstur til hytta i Råkeneset om dagen. BTS møtte opp til nyvaska og ferdig oppvarma hytte om ettermiddag. Ein kjekk ettermiddag ilag med dugnadsgjengen og Barnas turlag Solund i Råkeneset. 11 ungar, 6 vaksne, leik, morro, mange ulike spel og «fjellklatring» i og rundt hytta. Turleiar Karen Nessen.</p>
22. april 18	<p>Vårteikntur frå Lødalen til Kyravika. Barnas Turlag Solund hadde ein kjekk tur frå Lødalen til Kyravika i dag. Ny plass for oss, takk til lokal guide Ingelin som viste oss vegen. 18 små og 13 store var med. Artig turbingo som engasjerte, leik i fjæra og gode nister. Takk for turen! Turleiarar: Ingelin Stølen og Karen Nessen.</p>
27.mai 18	<p>Tur til Hammarstakken (og kalla Hummerstakken). Barnas Turlag Solund hadde ein varm, bratt og kjempe flott tur til Hammarstakken i dag. Med 10 born og 9 vaksne kom alle seg på toppen og fekk nyte den fantastiske utsikta, og skreve seg inn i boka i varden. På vegen til toppen var det fleire som kikka inn og var inn i steinhola der det kanskje har budd eit troll ein gong. Fine born med god fantasi. Turleiarar: Gunn Marit Fossedal og Marlén Trovåg</p>
17. juni 18	<p>Steinaldertur til Grønehellaren i Ytre Solund På Ytrøy ligg Grønehellaren. Her er det funne arkeologiske funn som viser at det har vore folk i Solund allereie for 6-7000 år sidan. Her budde Grønehellar-mannen i steinalderen. Trur du me kan finne spor etter han no også? Kanskje me kan leike at me er steinalderfolk? Om me får god tid, skal me leite etter blåskjel med perler. Det kan vere lurt å gå i støvlar då me må gå litt i myr og i fjæra. Ta ferja frå Daløy kl. 11:15 så møtast alle på Haldorsneset. Retur med ferja kl.14:00. Ein flott gjeng som var på besøk til Grønehellaren i Solund. Historisk tur i fortida med turleiar Anne Kristine Dyrdal viste veg. 8 barn og 8 vaksne deltok på dagens tur. Turleiarar: Anne Kristine Dyrdal og Ingrid Elvevåg</p>
27. juni 18	<p>Styremøte leikeplassen i Håneset. Planlegge KDU dag til hausten. Emne Båtliv-sjøliv mm. Ansvarleg Ingrid, Karen og Gjertrud, men alle må delta. Bruke DNT ung til å hjelpe oss med aktivitetar? Aktivitetar: kajakk m/instruktør (Trond/Nils). Fiskedam med spm og gevinstar. Trampoline. Båtvetteglar. Fiskesortar. Grille fisk/fiskekaker. Møtte: alle i styre. Alle borna deira leika på leikeplassen.</p>

24. august 18	<p>Solunddagen.</p> <p>Stand/banner på Solund dagen ilag med Steinsund Entreprenør. Glas med kongler der borna skulle gjette kor mange var oppi. Delte ut vervekopiar og info om DNT og Barnas Turlag.</p> <p>Møtte: alle i styret</p>																																												
27. august 18	<p>Styremøte leikeklassen i Sildevika.</p> <p>Siste planlegging for gjennomføring av KDU-dagen 02.09.18</p> <p>Møtte: alle i styret</p>																																												
02. sept. 18	<p>KDU-dag med kajakk, sjøvett og leik i fjøra.</p> <p>Barnas turlag Solund markerte Kom Deg Ut-dagen ved å fokusere på Solunds fantastiske marine omgjevnader. Deltakarane (20 born, 17 vaksne) fekk teste på forskjellige havs-basert aktivitetar som skapte eit miljø av moro og meistring, og som definitivt gav meirsmak. Trampolina fekk masse besøk også når ein venta på padletur. Alle borna fekk prøve kajakk ilag med ivrige og flinke instruktørar; Nils Bjørge og Trond Osland.</p> <p>Quiz med sjø- og fiskerelatere spørsmål med flotte matboksar i gevinst.</p> <p>Aktivitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kajakk padling med rettleiing av erfarne instruktørar • Leik og moro i fjøra • Quiz med fokus på sjøvett og det marine miljøet • Grilling av fisk og fiskekaker til middag <p>Turleiarar: Ingrid Elvevåg, Karen Nessen og Gjertrud L. Trovåg</p>																																												
29. sept. 18:	<p>Styremøte på Idrettsbanen.</p> <p>Planlegging av turar i 2019, me sette opp ein plan og fordelte turleiarar.</p> <table border="1" data-bbox="405 1227 1378 1554"> <thead> <tr> <th>Dato</th> <th>Tur</th> <th>Kommentar - forslag</th> <th>Ansvarleg</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>JANUAR – 13.01.19</td> <td>Reflekstur</td> <td>Forslag Aboreet</td> <td>Gunn Marit – Marlén</td> </tr> <tr> <td>FEBRUAR – 03.02.9</td> <td>KDU-dag</td> <td>Vinterleik el. tur langs Valsvatnet</td> <td>Karen – Gjertrud - GM</td> </tr> <tr> <td>MARS – 02.03.19</td> <td>Spelekveld</td> <td>Råkehytta – etter dugnadsdag</td> <td>Karen - Ingrid</td> </tr> <tr> <td>APRIL – 07.04.19</td> <td>Tur</td> <td>Forslag Ravenenipa - Verpingsvika</td> <td>Gjertrud – Marlén</td> </tr> <tr> <td>MAI – 12.05.19</td> <td>Naturbingo</td> <td>Forslag ?</td> <td>Gunn Marit – Karen</td> </tr> <tr> <td>JUNI – 16.06.19</td> <td>Båttur</td> <td>Forslag Gåsvær</td> <td>Marlén – Ingrid</td> </tr> <tr> <td>Juli – august</td> <td></td> <td>Evt. spontan turar</td> <td></td> </tr> <tr> <td>SEPTEMBER 01.09.19</td> <td>KDU-dag</td> <td>Forslag kajakk – Steinsund Marina</td> <td>Marlén - Karen – Ingrid</td> </tr> <tr> <td>OKTOBER – 19.-20.10.19</td> <td>Overnatting</td> <td>Forslag Råkehytta - påmelding</td> <td>Ingrid – Gjertrud</td> </tr> <tr> <td>NOVEMBER – 10.11.19</td> <td>Tur</td> <td>Forslag Dags-tur hytta i Solund</td> <td>Gjertrud – Gunn Marit</td> </tr> </tbody> </table> <p>Snart årsmøte og val for BTS. Dei som er på val i år er Ingrid og Karen. Håpar de tek attval. ☺ Forslag om å ta med evt. nye potensielle styremedlemmer som turleiarar i 2019, er ein god ide. T.d.. Mahmoud Ibrahim Abulnujoun og Angelica Møgster. Det blir opp til ansvarlege på turane å sørge for å ta dei evt. med på planlegging og gjennomføring. Kan hende KDU-dagane kan vere lurt å ha fleire vaksne å spele seg på.</p> <p>Opplæring i Sherpa og Papirfly: Me må få til ei gjennomføring der alle får ei opplæring i korleis me brukar Sherpa på DNT sine nettsider – der turane lagast som arrangement, og papirfly der me lagar plakatar.</p>	Dato	Tur	Kommentar - forslag	Ansvarleg	JANUAR – 13.01.19	Reflekstur	Forslag Aboreet	Gunn Marit – Marlén	FEBRUAR – 03.02.9	KDU-dag	Vinterleik el. tur langs Valsvatnet	Karen – Gjertrud - GM	MARS – 02.03.19	Spelekveld	Råkehytta – etter dugnadsdag	Karen - Ingrid	APRIL – 07.04.19	Tur	Forslag Ravenenipa - Verpingsvika	Gjertrud – Marlén	MAI – 12.05.19	Naturbingo	Forslag ?	Gunn Marit – Karen	JUNI – 16.06.19	Båttur	Forslag Gåsvær	Marlén – Ingrid	Juli – august		Evt. spontan turar		SEPTEMBER 01.09.19	KDU-dag	Forslag kajakk – Steinsund Marina	Marlén - Karen – Ingrid	OKTOBER – 19.-20.10.19	Overnatting	Forslag Råkehytta - påmelding	Ingrid – Gjertrud	NOVEMBER – 10.11.19	Tur	Forslag Dags-tur hytta i Solund	Gjertrud – Gunn Marit
Dato	Tur	Kommentar - forslag	Ansvarleg																																										
JANUAR – 13.01.19	Reflekstur	Forslag Aboreet	Gunn Marit – Marlén																																										
FEBRUAR – 03.02.9	KDU-dag	Vinterleik el. tur langs Valsvatnet	Karen – Gjertrud - GM																																										
MARS – 02.03.19	Spelekveld	Råkehytta – etter dugnadsdag	Karen - Ingrid																																										
APRIL – 07.04.19	Tur	Forslag Ravenenipa - Verpingsvika	Gjertrud – Marlén																																										
MAI – 12.05.19	Naturbingo	Forslag ?	Gunn Marit – Karen																																										
JUNI – 16.06.19	Båttur	Forslag Gåsvær	Marlén – Ingrid																																										
Juli – august		Evt. spontan turar																																											
SEPTEMBER 01.09.19	KDU-dag	Forslag kajakk – Steinsund Marina	Marlén - Karen – Ingrid																																										
OKTOBER – 19.-20.10.19	Overnatting	Forslag Råkehytta - påmelding	Ingrid – Gjertrud																																										
NOVEMBER – 10.11.19	Tur	Forslag Dags-tur hytta i Solund	Gjertrud – Gunn Marit																																										

	<p>Forslag om å bruke klasserom på skulen til dette. Gunn Marit undersøker. For å få tilgang til Sherpa må ein ha medlemskap i DNT.</p> <p>Møtte: alle i styret. Alle borna deira leika på idrettsbana.</p>
07. okt. 18	<p>Sykkeltur Stranda – Avløyp – Stranda</p> <p>Tusen takk for turen til alle som var med på sykkeltur med Turboreven og Barnas Turlag Solund til Avløyp, m/avstikkar til Solnedgangsbenken der me åt nista vår. 13 barn og 12 store var med på turen. Ein sprek gjeng på tur. Litt vind, men me fann litt ly når nista skulle etast.</p> <p>Turleiarar: Gunn Marit Fossedal og Marlén Trovåg</p>
17. nov. 18	<p>Lystur rundt Hardbakke.</p> <p>Planlagt lystur i samband med Lysfestivalen.</p> <p>Turleiar: Gjertrud L. Trovåg og Ingrid Elvevåg</p>

Ref.: Gunn Marit Fossedal, leiar BT Solund

Helsing frå styret i Barnas turlag Solund

Gunn Marit Fossedal, Ingrid Elvevåg, Karen Nessen, Marlen Trovåg og Gjertrud L. Trovåg